

Hordaland i tal

Næring, innovasjon og kompetanse

Figurar



**Nr. 2
2014**

Utdanning


Svak auke i gjennomstrømminga på både allmenne fag og yrkesfag, men avtakande tendens på allmenne fag over tid

Figuren viser del elevar som har fullført innan fem år etter oppstart i åra 1997-2008. Tala blir presentert for allmenne fag og yrkesfag, for kvinner og menn og totalt for alle elevar.

Den heiltrekte raude lina viser delen elevar på allmenne fag som har fullført vidaregåande skole fem år etter, medan den heiltrekte grå lina viser delen elevar på yrkesfag som har fullført vidaregåande skole fem år etter.

Den heiltrekte gule lina viser tal for alle elevane totalt både på allmenne fag og yrkesfag. Basert på desse tala er det laga ei trendline for både allmenne fag, yrkesfag og totalt (heiltrekte svarte liner). Dei stipla linene viser utviklinga for jenter og gutar.

Kjelde: SSB Statistikkbanken




Utdanning

Same mønster i Hordaland, Rogaland og Sør-Trøndelag. Oslo skil seg ut.

Figuren viser tal elevar som har byrja på allmenne fag (raud søyle) og yrkesfag (grå søyle) i 2008 i fylka Oslo, Rogaland, Hordaland og Sør-Trøndelag og tal elevar som har fullført innan 5 år. Tabellen viser og del elevar som har fullført etter 5 år.

Kjelde: SSB Statistikkbanken



Utdanning

Svakare progresjon på yrkesfag enn på allmenne fag

Figuren viser gjennomstrømming for elevar på allmenne fag og yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande skole i Hordaland etter fullføringsgrad. Elevane begynte i vidaregåande skole i 2008. Fullføringsgraden er målt fem år etter. Prosent.

Kjelde: SSB Statistikkbanken




- Slutta undervegs
- Gjennomført VKII/gått opp til fagprøve, ikkje bestått
- Framleis i vidaregåande opplæring etter 5 år
- Fullført på normert tid
- Fullført på meir enn normert tid

Utdanning

Gutane brukar lenger tid enn jentene på yrkesfag, flest gutar sluttar på allmenne fag


Figuren viser gjennomstrømming for kvinner og menn på allmenne fag og på yrkesfagleg studieretning i vidaregåande skole i Hordaland . Elevane begynte i vidaregåande skole i 2007. Fullføringsgraden er målt fem år etter. Prosent.

Kjelde: SSB Statistikkbanken




Avlagde fagprøver

Størst vekst i bygg og anlegg, men teknikk og industriell produksjon framleis størst



Uteksaminerte kandidatar

Rekordmange uteksaminerte kandidatar ved alle dei store utdanningsinstitusjonane



Næringsbarometeret

- NAV si bedriftsundersøking – nasjonalt og regionalt
 - Bedriftsundersøkinga viser at private og offentlege verksemder i Hordaland samla sett har lågare forventingar til omsetnad, lønsemd og investeringar enn dei hadde i mai 2013.
 - Estimert mangel på 26 000 arbeidstakarar på landsbasis (mars 2014)
 - Men samtidig 95 000 arbeidsledige
 - Størst mangel innen helseyrker
- NHO si medlemsundersøking – nasjonalt og regionalt

Framskrivninger for tilbud og etterspørsel etter arbeidskraft med ulike utdanninger, SSB-rapport 2013/48

- Økt etterspørsel etter arbeidskraft med utdanning fra høyskole- og universitetsnivå, samt fra yrkesfaglige studieretninger på videregående skole. For at arbeidsmarkedet fortsatt skal utvikle seg balansert, bør det samme skje med arbeidstilbudet.
- Vekst i behovet for de fleste utdanningsretninger innen høyere utdanning. Behovet for økonomi- og administrasjonsutdannete og helse-, pleie- og omsorgsutdannete på høyskolenivå / lavere universitetsnivå (bachelorgrad) øker spesielt.
- Etterspørselen rettet mot allmenne fag eller økonomiske og administrative fag fra videregående skole som høyeste fullførte utdanning faller i perioden
- Tilbudet ser ut til å øke mer enn etterspørselen for høyere utdanning innen økonomi og administrasjon, samfunnsvitenskap, jus og humanistiske fag.
- Etterspørselen etter arbeidskraft med videregående fagutdanning vokser raskere enn tilbudet. Svak gjennomføring i videregående fagutdanning er en viktig årsak til dette.
- Knapphet på lærere og sykepleiere
- Observert mangel på ingeniører og andre med realfagsbakgrunn kan være i ferd med å bli redusert

Prognosar på regionalt nivå?

- Forholdsvis enkelt å lage lokale etterspurnadsframskrivingar på utdanningar som er retta inn mot aldersbestemte tenester (utdanning, helse)
- Meir utfordrande å lage framskrivingar av etterspurnaden etter arbeidskraft i industrien
- Vanskeleg å lage framskrivingar av tilbodet av arbeidskraft på regionalt nivå

AUD-rapport nr. 2 – 12: Prognose for sysselsetting i Hordaland – etter arbeidsstad , 2011 - 2035

- Denne rapporten viser resultatene fra 401 egenproduserte prognosekjøringer for sysselsetting i alt 57 næringer i åtte hordalandsregioner.
- I 2035 ventar vi oss 74 000 fleire sysselsette i Hordaland samanlikna mot sysselsettinga i 2008. 48 000 av desse vil kome i Bergen, 11 000 i Vest, 6 000 i Sunnhordland, 4 600 i Nordhordland, 3 200 i Bjørnefjorden, 770 på Voss, og berre 355 i Osterfjorden. 236 arbeidsplassar vil gå tapt i Hardanger.
- 18 400 av desse arbeidsplassane vil kome innan helse- og sosialtenester, 7 800 innan varehandel, 7 000 innan undervisning, 6 600 innan anna forretningsmessig tenesteyting, og 6 400 innan bygg og anlegg.
- Helse og sosial vil stå for den største veksten i alle regionane, med unntak av Bjørnefjorden og Hardanger. Her vil høvesvis bygg og anlegg og anna forretningsmessig tenesteyting få størst vekst.
- Det varierer litt mellom regionane kva næring som får nest størst vekst, men det er ei av dei «fem store» i alle.
- Berre nokre få næringer vil få nedgang i sysselsettinga. Størst innan jordbruk, der vi ventar oss at 260 arbeidsplassar vil gå tapt.
- Prognosane er *næringsavstemte*, som betyr at vi tar høgde for sysselsettingsutviklinga i alle næringer når vi bereknar framtidig sysselsetting. Dette resulterer i at vi vil få *færre* sysselsette innan helse og sosial per innbyggjar enn i dag. Om folketalsutviklinga følgjer SSB sin middelprognose, vil det i 2035 bli eit underskot på 8 500 helse- og sosialarbeidarar, målt mot dagens tenestetilbod, dersom dei andre næringer skal få «sin» del av sysselsettingsutviklinga.

